



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
11/4021	22.05.2014	39511/2014/B65/&13	Helene Loe Arntsen, 71 25 80 69	12.06.2014

Høring om endringer i privatistavgiften

Møre og Romsdal Fylkeskommune si tilbakemelding på høring.

Den største utfordringa med den noverande privatistordninga er at den er underfinansiert. Samstundes har omfanget av privatisteksamenar auka mykje dei siste åra. Som tal frå Møre og Romsdal syner, sjå under, forutsett noverande finansiering og satsar at fylkeskommunane brukar av eigne rammer for å finansiere privatisteksamen.


År	2009	2010	2011	2012	2013
Tal på oppmelde	4343	4460	5522	5691	6463

Når skolane reknar ca 10 timars arbeid i snitt per kandidat til rettleiing og oppmelding til ferdig utskreven dokumentasjon, må eksamensgebyr aukast. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om å auke avgiftssatsane for å dekkje kostnader ved avviklinga av privatisteksamen. Fylkeskommunen støttar forslaget om dagens system med to satsar, med å auke desse til kr. 1000 for fyrstegongsprivatistar og kr. 2000 for forbetningsprivatistar.

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar og forslaget om å innføre eit gebyr ved manglande oppmøte, for dei som har meldt seg opp til privatisteksamen og ikkje møter.

Generelt sett meiner Fylkesutdanningssjefen at auka gebyr ikkje vil vere til hinder for å ta ein privatisteksamen. Avgift og gebyr ved manglande oppmøte kan vere med på å redusere omfanget av kandidatar som trekkjer seg eller som ikkje møter til eksamen.

Med helsing


Sverre Hollen
fylkesutdanningssjef


Helene Loe Arntsen
seksjonsleiar